

Årsrekneskap 2018 og Budsjett 2019 Vennelaget for Lensmannsgarden på Varhaug



Generelt

Vennelaget er ein ideel organisasjon som ikkje har økonomisk avkastning som målsetjing. Vennelaget må likevel byggja opp ein tilstrekkeleg solid økonomi til å kunna påta seg risiko i samband med kulturarrangement. Me trur vidare at det er viktig for artistane, Hå kommune og styremedlemmene at Vennelaget er på trygg økonomisk grunn.

Styret har vedteke eit dokument som inneheld rekneskapsprinsipp for Vennelaget. I tillegg har me ein revisor som passar på at me rapporterer rett.

Vennelaget nyttar ein modell for å berekna økonomisk risiko ved større arrangement. Dette gjev grunnlag for å ta avgjerder basert på kalkulert risiko. Ein del av økonomistyringa er også at Vennelaget etterkalkulerer alle arrangement. Dette gjev læring for komande kulturtilbod.

Året 2018

2018 vart eit nytt godt år for Vennelaget. Dette er me glade for, óg fordi det ikkje er berre enkelt å få arrangementa til å gå i balanse. Det var to arrangement som var særskilt vellukka økonomisk sett, tre andre gav også eit greit resultat medan eit arrangement var litt på minussida. Me hadde ingen større innkjøp til utstyr i 2018.

Som det framgår er det billettsal og honorar til artistane som er dei store postane i rekneskapet. Det er også her det er størst økonomisk risiko. Dei andre postane har me større kontroll med sidan dei i stor grad kan tilpassast aktivitetsnivå og Vennelagets økonomi.

Ein stor honnør til Lunsjtreff-gjengane som driv ein flott dugnad for bygda. Ein ekstra pluss er det at dette gjev pengar i kassen til Vennelaget.

Budsjett 2019

Budsjettet for 2019 er sett opp med utgangspunkt i 2017 og 2018. Budsjettet gjev retninga for 2019. I det daglege er det budsjettering/styring av dei enkelte arrangementa som har mest fokus. Me må óg vera åpne for å justera aktivitet og utgifter basert på utviklinga i løpet av året.